

Språkplakat

Språket på NRK.no skal vere korrekt, tydeleg og naturleg. Språket vårt er basert på ordbøkene, dialektar har ingen plass i skriftleg norsk.

- Ha alltid ei ordbok lett tilgjengeleg. <http://www.nob-ordbok.uio.no>, er gratis, tilgjengeleg og korrekt. <http://www.ordnett.no> har fleire ordbøker, til dømes engelsk-norsk, men ver obs på kva for ei du brukar.

Unngå kjeldespråk, klisjear og akademiske vendingar.

- Folk bur i hus og husvære, ikkje på adresse eller bopel. Når noko er adekvat held det lenge å skrive tilfredsstillande eller passande. Og det er slett ikkje naudsynt å leggje seg flat for å angre eller be om orsaking.

Unngå komma eller tankestrek der du kan setje punktum.

- Alt heng saman med alt, men det betyr ikkje at alt skal inn i same setning. Sjølvstendige setningar bør som hovudregel skiljast frå kvarandre med punktum. Ei grei oversikt over gjeldande kommereglar finn du her: <http://www.korrekturavdelingen.no/K4kommaRegler.htm>

Unngå overflødige ord. Ver bevisst på at teksten din skal vere lett å lese. Leseindeksen bør liggje på under 40.

- 30 prosent av alle innbyggjarar her i landet har ei eller anna form for lese- eller skrivevanskar. Det er ikkje sikkert at teksten din er like lett å forstå som du trur. Leseindeksen kan sjekkast på www.skriftlig.no, og teksten din bør liggje innanfor kategorien «lettelest».

Bruk norske ord og uttrykk der du kan. Unngå framandspråk og lånte uttrykk når det finnestforståelege norske erstatningar.

- Ikkje skriv «drifte» når du meiner «drive».

Titlar skal vere meiningsberande. Ingresser bør bestå av ein til to korte, tydelege setningar.

- Ikkje skriv titlar som «Reagerer på utsegner» om du ikkje samstundes kan fortelje kven eller korleis. Konsentrer ingressen rundt essensen og kjernekonflikten i saka.

Om du har ei fokussetning i botnen når du arbeider med saka, er denne eit godt utgangspunkt.

Snakk om språk i redaksjonen. Få gjerne ein kollega til å lese saka di. Bruk språkkontaktane.

- Hugs at Tansa ikkje fjernar dårleg språk, berre feilstavingar. Les artiklane slik dei vil sjå ut for lesaren. TTV-saker på skjerm, nettartiklar i full visning eller på papir.

Hugs at språket er levande, og at det er lov å leike med det. Bryt konvensjonar og utforsk andre språksjangrar om du kan vise at det ligg ein bevisst tanke bak.

Nye språkreglar for nynorsk:

<http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/>

Språkkontaktar er Bent Tandstad (nynorsk) og Gaute Zakariassen (bokmål)